
Fra: Sigrid Voster <SigV78@hotmail.com>

Dato: tirsdag, 1. november 2022 kl. 11:57

Til: Birger Haraldseid <birger@ryfylkeiks.no>

Kopi: Reinert Idsø <reinert@idse.no>

Emne: INNSPEL FRÅ STRAND BONDELAG TIL NY NÆRINGSPLAN I STRAND KOMMUNE

INNSPEL FRÅ STRAND BONDELAG TIL NY NÆRINGSPLAN I STRAND KOMMUNE

Landbruket må vera ein del av næringsplanen. Landbruket er ein viktig del av næringslivet i Strand, og må koma til syne i ein ny næringsplan. I tillegg til dei arbeidsplassane som er direkte knytta til gardsbruk, er mykje av leverandørindustrien og serviceindustrien i Strand avhengig av landbruk.

I ei sårbar tid, der verda er prega av pandemi, krig, atomtrussel og energikrise, er det særskilt viktig å ha eigen matproduksjon.

Bare 5,2% av Strand kommune består av dyrka jord. 4,1% av arealet i kommunen er bygningar og infrastruktur.

For å oppretthalda, og helst auka, matproduksjonen i kommunen er det nødvendig at næringsplanen legg til rette for landbruket.

Ein ny næringsplan må vera klar på jordvern. 80 mål verdifull dyrka jord i Nordmarka kan ikkje regulerast til industriområde.

Næringsplanen må òg vera bevisst på jordvern på mindre areal. Me er særleg redd for signaleffekten dersom nokon får byggja på dyrka jord.

Strand kommune har mange små landbruksareal som ein kan tenkja at ikkje isolert sett betyr så mykje om forsvinn. Men i ei tid som er sterkt prega av fare for matmangel i verdssamanheng, er me moralsk og solidarisk forplikta på å ta vare på all matjord. Og tilsaman utgjer mange små areal mykje.

Dersom det likevel i sentrumsnære områder vil bli nødvendig å ta bort noko dyrka jord, må denne erstattast med nye dyrka område. Dette kan skje ved jordflytting.

Me ynskjer å få inn i planen at all bygging på dyrka jord skal erstattast/flyttast for utbyggers kost.

Med helsing
Strand Bondelag

v. leiar Reinert Idsø, nestleiar Eirik Mihle Strand, Maicen Ravnås, Nils-Kristian Helmikstøl, Sigrid Voster, Amund Alsvik, Kathrine Moen